

Krossvandring

I kyrkerommet finn du 14 tekstar og illustrasjonar som følgjer Jesus frå han blir dømd til døden til han blir gravlagt. Du er velkomen til å vandre frå tekst til tekst og gjennom dei ta del i Jesu lidingshistorie.

Alle tekstane er henta frå *Den katolske kirkes bønnebok* (St. Olav forlag) og omarbeidd av Hilde Reinertsen Myhrer. Tekstane er attgjeve med løyve.



1

JESUS BLIR DØMD TIL DØDEN




Jesus, slik gjekk det til at du vart dømd
til døden som ein vanleg forbrytar.
Du var berre 30 år gammal,
og du skulle møte døden –
du som elska alt som lever,
alt som er skapt,
du som heldt av mor di,
vennene dine og alle barn.

Sann Gud og sant menneske;
takk for at du sa ja til det som skjedde
– for vår og alle si skyld.
Lær oss å godta døden,
også når det er våre som døyr,
også når det er vi sjølve som skal døy.

2

JESUS TEK IMOT KROSSEN




Jesus, ved denne krossen bar skuldrene dine
den tunge bra av heile menneskeetta.
Du bar syndene vre, veikskapane vre.
Du bar vr nd og vr angst.
Fordi du elska oss.

Lr oss å godta krossen vr –
den bra, dei vanskane eller
lidingane livet vrt frer med seg.
Vi sameinar krossen vr med din.
Vi gjer det etter fattig evne,
men vi gjer det med kjrleik.

3

JESUS FELL FØRSTE GONG




Børa av krossen var tung, du snubla
og du fall, utmatta til døden.
Du som er den sterke Gud,
du fall, og vi kan tydeleg sjå
at du òg er eit menneske,
som vi.

Dersom du ikkje hadde falle,
ville vi da hatt mot
til å søkje tilflukt hos deg?
Nettopp i di avmakt kjenner vi
deg att som vår bror.
Det kosta deg å vise oss din kjærleik.

Jesus Kristus, du som var utan synd,
redd oss ved di avmakt
frå sjølve å falle.

4

JESUS MØTER MOR SI




Han er dømd til å døy.
Steg for steg ber han
dødsreiskapen sin, krossen.
Ved eit vegkryss står mor hans.
Mellom dei er
ein avgrunn av liding,
ein avgrunn av kjærleik.

I di avmakt lèt du deg
trøyste av mor di si ømheit.
I sin kjærleik vik ho
ikkje tilbake for smerta.

Lær oss, som Maria,
å møte Jesu liding
og lidinga til medmenneska våre
– utan å vike tilbake.

5

SIMON FRÅ KYRENE HJELPER JESUS MED Å BERE KROSSEN



Ein mann kom inn frå markene –
ein av desse trauste, audmjuke menn
som vi alltid set til tunge oppgåver.

Simon, ante du

kven det var du hjelpte?

Forstod du kor stort det var, det du gjorde?

Visste du at det var Frelsaren

du hjelpte å bere krossen –

den krossen som skulle forløyse verda?

Takk for den tilliten du viser oss, Gud,

at vi alminnelege menneske

blir kalla til å arbeide saman med

deg for å redde verda.

6

VERONIKA GIR JESUS SVEITTEDUKEN




Blod, svette, spytt og slag
skjemmer ansiktet ditt, Jesus.
Veronika ser lidingane dine
og brutaliteten til soldatane.
Ho bryr seg ikkje om
kva folk vil tenkje,
men trengjer seg fram til deg
i håp om å kunne lindre smerta di.

Vågar vi å vise medkjensle?
Kjenner vi deg att der du ventar
på oss i den som lir –
i han eller henne som i si smerte
ikkje har nokon glans eller venleik?

Vi ber om kjærleikens klarsyn
som ser det smertefylte ansiktet ditt
i andre, så vi, lik Veronika,
bevarer ditt bilete i hjarta våre.

7

JESUS FELL ANDRE GONG



Utmattinga di og smertene dine
blir stadig større.

Du fell igjen.

Idet du fell, gjer du deg til eitt
med alle oss som fleire gonger
fell på vår veg.


Med mykje slit reiser du
deg for å fullbyrde ditt offer.

Herre, ditt andre fall minner oss om
at vi aldri treng å bli liggjande,
samtung børa
av motløysa er.

Du vil alltid reise oss opp att
når vi overgir oss og børa vår
i dine hender.

8

JESUS TRØYSTAR KVINNENE I JERUSALEM




Ved vegen står kvinnene
og græt over lidingane dine.
Men i di omsorg for dei tenkjer
du på dei ulykkene som skal kome
over dei og deira barn.
Ja, gråt over det uskyldige offeret.
Men gråt meir over bøddelen;
over konsekvensane av all
vondskap i verda.

Vi ber om slike tårer
som kjem frå eit angrande hjarte,
og som er eit uttrykk for
oppriktig medkjensle.
Og vi ber om styrke til å
vende om frå det vonde.

9

JESUS FELL TREDJE GONG




Utmatta fell du saman
under vekta av krossen.
Med dine siste krefter reiser du deg
for å fullføre verket ditt.
Tre gonger segna du under krossen,
tre gonger reiste du deg.

Jesus Kristus, du krev ikkje av oss
at vi aldri skal kjenne veikskap,
men at vi – med deg – stadig på nytt
reiser oss igjen.

Ånda er nok villig,
men kroppen er skrøpeleg.
Vi bønnfell deg om at du vil gi oss
styrke til å bere krossen vår
saman med deg.

10

JESUS BLIR AVKLEDD




Du har nådd fram til Golgata.
Soldatane riv av deg kleda
framfor alt folket.
Såra dine blør på ny. Tilgi dei!

Å bli ribba, avkledd, er noko meir
enn frivillig forsaking.
Det er ei krenking
av oss sjølv, vårt inste vesen.
Kor ofte krenkjer ikkje vi
andre si verdigheit. Når vi ser på eit menneske
med forakt og overser det gode
i den andre. Tilgi oss!

Ein dag skal også vi ribbast for alt –
på kroppen, i hjartet, i medvitet vårt.
Hjelp oss å forstå at vi da
blir likedanna med deg,
at berre når kveitekornet fell
i jorda og døyr, kan det bere frukt.

11

JESUS BLIR NAGLA TIL KROSSEN




Soldatane kastar deg til jorda.
Dei gjennomborar
hendene og føtene dine
og naglar deg til krossen.

Så reiser dei han opp.
No går orda dine i oppfylling:
– Når eg blir lyft opp frå jorda,
skal eg dra alle til meg.

Herre Jesus Kristus, dette skulle
kjærleiken din til oss koste deg!
Hjelp oss å fatte rekkjevidda
av kjærleiken din.

12

JESUS DØYR PÅ KROSSEN




Du er nagla til krossen.
Gjennom dine siste ord lèt du oss
få sjå inn i ditt hjartes heilagdom.

- Far, tilgi dei,
for dei veit ikkje kva dei gjer.
- Sanneleg, eg seier deg: I dag
skal du vere med meg i paradis.
- Kvinne, sjå, der er son din.
Det er mor di.
- Min Gud, min Gud,
kvifor har du forlate meg?
- Eg er tørst.
- Det er fullført.
- Far, i dine hender gir eg mi ånd.

Når vi lir, kan vi vite
at sjølv inn i det mørkaste mørke,
ned i den djupaste avgrunn,
har du, den krossfesta, gått føre.

13

JESUS BLIR TEKEN NED AV KROSSEN OG LAGD I FANGET TIL MOR SI



Jesu lidingar er over. Han er død.
Han blir teken ned av krossen
og overgitt til mor si.

Maria held han i armane sine.
Hos henne er berre kjærleiken
og smerta tilbake.
Ho forstår ikkje,
men kanskje vonar ho framleis
at Gud er trufast,
at riket hans er utan ende.

Vi møter stadig døden.
Vi veit at vi sjølve skal døy.
Herre, ver du lyset i dette mørket.

14

JESUS BLIR GRAV- LAGD



Alt er fullført.
Kroppen til Jesus blir sveipt i eit linklede
og lagd i grava.
Ein stor stein blir rulla fram
til inngangen til grava.

Du er lagd i grava,
men døden kan ikkje halde deg fast.
I dåpen vart vi gravlagde
med deg i din død,
for at vi skal bli gjorde levande i deg.
Derfor skal vi ikkje sørgje
som om vi ikkje hadde noko håp.

Herre Jesus Kristus, gi at din død
må trengje så djupt inn i hjarta våre
at vi kan døy bort frå vårt gamle liv
og bli fødde på nytt til eit liv
i di oppstode.